



Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

Dato: 01.10.2015  
Vår ref.: 2015/8903-3  
Saksbehandlar: nilvetl  
Dykkar ref.:

## **Høyringsuttale til forslag frå Finansdepartementet om å fjerna eigedomsskatt på produksjonsutstyr i verk og bruk - Hordaland fylkeskommune**

Fylkesutvalet i Hordaland gjorde i møte 24. september 2015, sak 241, slikt vedtak:

«Fylkesutvalet viser til KS sin høyringsuttale om endra reglar for eigedomsskatt for arbeidsmaskinar for verk og bruk og sluttar seg til denne.»

Kopi av saksførelegget ligg ved til orientering.

Nils Vetlesand  
økonomisjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

Forslag om endra reglar på eigedomsskatt for arbeidsmaskinar mv. i verk og bruk - høyringsforslag



Arkivnr: 2015/8903-2  
Saksbehandlar: Nils Vetlesand

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.09.2015

## Forslag om endra reglar på eigedomsskatt for arbeidsmaskinar mv. i verk og bruk - høyringsforslag

### Samandrag

Fylkesrådmannen går i saka gjennom regjeringa sitt høyringsforslag til endra reglar for eigedomsskatt på arbeidsmaskinar mv. i verk og bruk. Regjeringa sitt forslag er oppfølging av eit punkt i Sundvolden-erklæringa om å fjerna eigedomsskatt på maskinar.

Høyringa kjem med to alternative forslag til regelendringar. Alternativ 1 inneber at produksjonsutstyr- og installasjonar vert fritekte for eigedomsskatt. Alternativ 2 fjernar verk og bruk som eigen kategori. Verk og bruk vil slik få eigedomsskatt som alminnelege næringseigedommar. Endringsforslaga omfattar ikkje skattelegginga av vasskraftverk.

Fylkesrådmannen viser i saka til det som er nemnt i høyringsforslaget om at endringane vil gje skattelette for næringslivet i kommunar med eigedomsskatt, med tilsvarande inntektsbortfall for vertskommunane. Særleg kommunar store industrianlegg vil kunna få inntektsbortfall i 100-millionarsklassen. Mellom dei nemnde kommunane er Lindås og Øygarden i Hordaland.

Fylkesrådmannen viser også til KS sin høyringsuttale og rår til at fylkesutvalet sluttar seg til desse. Fylkeskommunane er ikkje høyringsinstans i utsendinga frå Finansdepartementet.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet viser til KS sin høyringsuttale om endra reglar for eigedomsskatt for arbeidsmaskinar for verk og bruk og sluttar seg til denne.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 11.09.2015****Bakgrunn**

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 27. august 2015 er det under Ymse teke inn følgjande:

«Eit samla fylkesutval bad om å få lagt fram sak i neste møte om Finansdepartementet sitt forslag om å endre reglane for eigedomsskatt på arbeidsmaskiner i verk og bruk («maskinskatten».)»

Finansdepartementet sende 18. juni 2015 ut høyringsforslag om å endra reglane for eigedomsskatt på arbeidsmaskinar mv. i verk og bruk. Forslaget er oppfølging av Sundvolden-erklæringa der det i eit punkt vert gått inn for å fjerna eigedomsskatten på maskinar. Høyringsfrist er 18. september.

**Høyringsforslaget**

Eigedomsskatt kan skrivast ut på fast eigedom. Lausøyre skal såleis ikkje inngå i eigedomsskattegrunnlaget. For næringseigedommar som vert karakteriserte som verk og bruk skal likevel arbeidsmaskinar mv. vera med i grunnlaget når dei er å sjå på som «ein part av sjølve føretaket». Regelen om at arbeidsmaskinar mv. for verk og bruk skal telja med, gjeld ikkje vasskraftverk ettersom verdsetjing av slike følgjer særskilde reglar i skattelova. Vindkraftanlegg har ikkje slike særskilde reglar og følgjer dermed skattlegginga for verk og bruk.

For andre næringseigedommar enn verk og bruk vert det ikkje skrive ut eigedomsskatt på arbeidsmaksinar mv.

Kor vidt arbeidsmaskinar mv. skal inngå i grunnlaget eller ikkje vert i mange tilfelle ei skjønsmessig vurdering der mange faktorar inngår. I høyringsforslaget vert det difor peika på at det er vanskeleg å praktisera regelverket både for kommunane og dei eigedomsskattepliktige. Dette gjeld både dei skjønsmessige sidene og at det har vore manglande «forutsigbarhet knyttet til praktiseringen av regelen».

Finansdepartementet har i forslaget to alternativ til endring av reglane som gjeld i dag.

Alternativ 1 foreslår å frita produksjonsutstyr og – installasjonar frå eigedomsskatt, men held fram med verk og bruk som eit eige alternativ for å skriva ut eigedomsskatt.

I alternativ 2 vert det foreslått å ut verk og bruk som ein eigen kategori i eigedomsskatten.

Departementet meiner at begge forslaga vil utjamna ulikskapen som er i grunnlaget for utskriving av eigedomsskatt mellom verk og bruk og anna næringsverksemd. Forslaga vil vidare gjera regelverket enklare og ordninga vil vera meir forutseieleg.

Regjeringa vil velja kva alternativ den vil fremja etter høyringsrunden.

**Økonomiske konsekvensar**

Departementet peikar i høyringsbrevet på at det ikkje eksisterer godt nok statistikkgrunnlag for å rekna på provenyverknadene. Det er likevel klart at store industrianlegg vil få monaleg skattelette som følgje av forslaget. Tilsvarande vil det verta eit monaleg inntektsbortfall i vertskommunane til desse anlegga. Departementet legg til grunn at ein gjennom høyringsrunden vil få betre oversyn over dei økonomiske konsekvensane av forslaget.

I brevet vert det vist til at kommunar med store industrianlegg kan få eit inntektsbortfall i 100-millionarsklassen, mellom desse Lindås og Øygarden i Hordaland.

Samla eigedomsskatt frå næringsseigedom var i 2013 i underkant av 2,9 mrd. kr. I høyringsbrevet er det eit overslag på at departementet sitt forslag vil redusera eigedomsskatten med 40% tilsvarande om lag 1,2 mrd. kr.

### **KS sine merknader**

Fylkesrådmannen har særleg merka seg KS sin omtale av dei økonomiske konsekvensane. Ut frå overslag KS har gjort, vil samla inntektsbortfall truleg verta over 1,7 mrd. kr. Dette talet byggjer på innrapportering frå 222 kommunar. Det er samla 343 kommunar som har eigedomsskatt på verk og bruk.

KS støttar ikkje forslaget frå regjeringa. Organisasjonen meiner at føresetnadene for det kommunale sjølvstyret vert innsnevra. KS meiner at kommunane med bakgrunn i lokalpolitiske avvegingar må få ha retten og fleksibiliteten til å kunna skriva ut eigedomsskatt på verk og bruk, inklusiv produksjonsutstyr.

KS krev at kommunesektoren vert kompensert fullt ut for ein eventuell innskrenking i retten til å skriva ut eigedomsskatt og at dette vert stadfesta og synleggjort i ei eventuell sak til Stortinget.

Fylkesrådmannen foreslår at fylkesutvalet sluttar seg til KS sin høyringsuttale som ligg ved saka.